



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 23.01.2017

Til stades: Tellef Solås, Adle Helen Tveiten Øya, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref). Fotballgruppa og sykkelgruppa v/ Kai Arne Slåkvik, håndballgruppa v/ Tone Langesæter, skigruppa v/ Terje Øverland, A-laget v/ Øyvind Oland og ridegruppa v/ Kjersti Ågren, friidrettsgruppa v/ Inge Nilsen.

Sak 1/17 Gjennomgang av sponsoravtale med Sparebanken DIN

Sparebanken Din kunne ikkje møte, derfor utsatt.

Sak 2/17 Gjennomgang av referat frå styremøte 02.12.2016

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 3/17 Søknad frå Telemark Karate om årleg stønad til leige av treningslokale

Karategruppa er ikkje medlem av idrettslaget, SIL ønsker gjerne å ha dei med. Intensjonen med støtta frå SIL var å hjelpe gruppa i gang, sidan ein ser på dette som eit godt tilbud til ungane i kommunen. Styret syns ikkje det blir rett ovanfor dei andre undergruppene og gå inn å «sponse» gruppa med så mykje pengar, for å leige lokale ein annan stad enn på Granvin. Styret går derfor inn for å gje støtte til treningstid på Granvin/folkehøgskulen som i 2016 også for sesongen 2017. Telemark Karate må registrere kvar utøvarar frå Seljord som stiller på kvar trening i 2017 og komme til ein konklusjon for kva dei ønsker vidare og må evt. søke på nytt om støtte til treningstider på Granvin/FHS for 2018.

Sak 4/17 Registrering av aktivitet for lag og grupper i Seljord IL

Hans Inge har sendt ut mail til dei enkelte undergruppene ang. aktivitetsregistrering. Føring av dette vil gje SIL tal og statistikkar for den enkelte aktivitet. Dette er ikkje tenkt som noko kontrollorgan, men kan brukas som eit reiskap til å få oversikt over dei enkelte undergruppene behov. Det vil for eksempel bli synleg om det er lite eller mykje oppmøte på gruppene, og ein kan som eit resultat av dette jobbe ekstra med rekruttering der det trengs og ekstra trenarressursar der det trengs.

Ein vil også få ein betre oversikt over timebruken i hallen.

Ber om at undergruppene tek i bruk dette snarast og om mogeleg loggfører tilbake frå 01.01.2017, der dette gjeng.

Denne loggføringa gjeld kun medlemmar av SIL og utøvarar frå Seljord i Telemark Karate.

Sak 5/17 Gjennomgang av treningstider Granvin

Dette er eit årleg puslespel, mykje jobb. Det meste er på plass, bortsett frå G10/12. Forslag om å sjekke med Seljord FHS ang. treningstid der oppe. Hans Inge tek seg av dette.

Sak 6/17 Gjennomgang av årsmelding og årsrekneskap for 2016 for Seljord IL

Årsmelding og årsrekneskap gjennomgått og godkjent.

Sak 7/17 Årsmøte i Seljord IL 27.februar – forslag til agenda med innkomne saker/investeringar frå hovudstyret og brev sendt valkomiteen

Saksliste:



Innkomne saker:

- a) Bygging av garasje for løypemaskina i Raudkleiv 2017: Terje Øverland er prosjektansvarleg, skal gjennomførast ila 2017. Har søkt om spelemidlar til dette prosjektet.
- b) Renovering av garderobebygget på Eventyrøy: Kai Arne Slåkvik er prosjektledar. Målet er oppstart høsten 2017, ferdigstillast ila 2018. Har søkt om spelemidlar også til dette prosjektet.
- c) Tribune og innbyttarbenkar Eventyrøy: Søker om støtte der det er mogleg , då det ikkje er mogleg å få spelemidlar til dette prosjektet. Går inn for å bestille tribune og innbyttarbenkar, så det er klart til sesongstart.
- d) Snøscooter Raudkleiv: søker om støtte der det er mogleg, då ein ikkje får spelemidlar til snøscooter.
- e) Renovering av treningsbanen på Eventyrøy: Mål at dette gjennomførast i 2018. Søker om spelemidlar då.

Når det gjeld drikkevatn i Raudkleiv blir dette prioritert i 2017 og kjem inn under driftskostader.

Saksliste gjennomgått og godkjent.

Sak 8/17 Budsjett 2017. Forslag frå undergruppene og hovudstyret

Alle undergruppene og hovudstyret har komme med sine budsjett, gjennomgått og godtatt til å leggast fram på årsmøtet.

Sak 9/17 Rapport frå undergruppene med årshjul og handlingsplan

Fotballgruppa:

Dei er godt i gang med treningane, G14 og G16 er med i vinterserie og har spela ein kamp. J14 er med i PVT sin vinterserie. Skal ha årsmøte 01.02.17. Er ein del utskifting i styret og har skaffa nye kandidatar til alle verv.

A-laget har hatt ein bra haust og alle spelarane blir med vidare. Det blir utvida tilbod i form av eit rekrutteringslag for herrar. Her er det stor interesse og dei stiller i serien.

Damelaget i samarbeid med Kviteseid stiller også i serien, J14 stiller med eit 11'er lag, G14 og G16 har eit 7'er og eit 11'er lag. Dei skal på cup i Åmot med 2 lag i februar.

Manglar nokre trenarar for dei minste og jobbar med dette framover.

Håndballgruppa:

Jobbar med å rekruttere trenarar, prøvar å få nokre foreldre og dei skal sjekke med HiT Bø. Elles blir det nokre unge hjelpetrenarar.

Stort sett bra rekruttering, mest jenter. J12 er med i serien, J10 spelar aktivitetsturneringar. J10 har nyleg vore på turnering i Heistadhallen. Mogeleg det blir Sommarlandcup.

1 lag (J13) er påmeldt til Dyreparken håndballfestival i august.

Har eit godt samarbeid med Rjukan, mogeleg det blir avslutning på sesongen saman med dei.

Skigruppa:

Går sin gang, på tross av snomangel. Skitreningsgruppa trenar derfor i Høydalsmo på tysdagar, der det har vore bra oppmøte. Skiskyttarane har hatt eit par treningar i Raudkleiv.



Elles stiller dei (i nye dressar) på Heddalsprintens jubileumsrenn i forbindelse med Heddal IL sitt 100 års jubileum. Her blir det sending på NRK, så følg med!
Terje jobbar med trådlaust nett i Raudkleiv.

Ridegruppa:

Skal på helgesamling i Hønefoss. Vore på Søve på samling.
Bra aktivitet med stadig nye ponny rytterar, med eigen hest. Mest jenter, men det har nyleg starta to gutar.

Friidrettssgruppa:

Jobbar med Raudkleiv Upp som skal være laurdag 10. juni, tegnar til å bli eit større arrangement enn i fjor.

Dei har foreslege TINE-stafett for skulen, ventar på tilbakemelding.

Har eit ønske at Vest-Telemark karusellen skal ha stevne på Eventyrøy stadion, er i dialog med dei om dette.

Satsar på å få til 1 trening i veka på Eventyrøy stadion.

Elles har to foreldre meldt sin interesse for å starte friidrettstrening. Dette er veldig positivt og ein satsar på å få det i gang ila våren. Friidrettsgruppa har alt utstyret ein treng til dette.

Sykkelgruppa:

Tek tid å komme i gang, jobbar med rekruttering og organisering. Dei har som mål å opprette fleire grupper for å møte dei forskjellige behova. F.eks ei mosjonsgruppe og ei for dei som ønsker å vere med i ritt.

Skal ha årsmøte i begynnelsen av februar.

Årshjul:

2. Sende ut treningsgebyr skigruppa: blir utsatt pga at ein ikkje veit om skikarusellen kjem i gang i år. I tillegg må alle listene vere ajourført.

3. Sende ut faktura til sponsorane: blir sendt ut snart.

4. Søknad Sparebankstiftelsen DNB: Tellef søker om midlar til snøscooter, tribune og innbyttarbenkar.

5. Årsmøte SIL: årsmøtet blir 27.02.17, Tellef sender innbydelsar og annonserar i VTB.

Sak 10/17 Ymse

Kai kjem med forespørsel om draktsett til damelaget og rekrutteringslaget, det blir vedtatt å kjøpe inn 2 draktsett. Om dei ønsker det kan dei skaffe sponsorar sjølve, har litt ledig plass på draktene til dette. Obs at det ikkje er sponsorar som kjem i konflikt med dei SIL allereie har.

Damelagets budsjett blir lagt under fotballgruppa for det første året og rekrutteringslaget ligg under A-laget. Kai foreslår at ein budsjetterar med 20.000 for damelaget, 10.000 frå fotballgruppa og at dei skaffar 10.000 sjølve. Styret er enig i dette.

Årsmøtet blir 27.02.2017 og neste styremøte 06.03.2017.